

Stopp korrupsjon og skjending av demokratiet.

Det norske folket vert ført bak ljuset. Media og politikarar teier om omfattande maktmisbruk i Noreg. Fampo arbeider mot maktmisbruk på fleire felt. I denne kampen treng me di hjelp.

Med over 10 000 tvangsinnleggingar årleg er Noreg det landet i Vest-Europa der klårt flest menneske vert tvangsinnlagde i høve til folketalet. Fleire stygge saker syner at rettstryggleiken er fråverande for dei som vert fråtekne fridomen og dopa ned.

På <http://home.no.net/fampo> kan du lesa rapporten *Ytringsfrihetens pris i Det skjulte Norge*, der Dag Hiåsen dokumenterer fleire ikkje-rettsstatlege tilhøve, m.a. at Drammen Byrett og Borgarting lagmannsrett bruka kriminelle metodar i saka der ansvarleg redaktør i lokalavisa Bygdeposten vart oppsagd.

I perioden april - september 2000 trykte Bygdeposten fleire artiklar og leiarar om maktmisbruk i Noreg. I *Den siste sovjet-staten* skreiv redaktøren m.a. om at påtalemakta kravde at Oddmar Remøy og Kåre Torvholm, baa med plettfritt rulleblad, skulle underleggjast mentalobservasjon. Kåre Torvholm var sentral i arbeidet med å avdekka økonomisk kriminalitet i fiskerinæringa.

I "Bygdepost-saka" demonstrerte "retten" til fulle kva rettspraksis han utøver. Drammen byrett gjorde inga drøfting - alle framlagde dokumentprov frå saksøkar vart underslåtte. Byretten opererte med emne det er utillateleg å skriva om, og hevda at styreleiaren har rett til å råda over kva redaktøren kan setja på trykk. Borgarting grunn gav sitt avgjerande kriterium (redaktøren skulle vera påverka) med at det var "åpenbart". Openberring som rettsleg grunnlag...

Tenk over spursmåla: Kvifor var det naudsynt for rettsapparatet å syta for at publiseringa i Bygdeposten vart stogga? Kva fylgjer har slik sensur for samfunnet?

I rapporten vert òg Pressens Faglige Utvalg og Norsk Redaktørforening v/Nils E. Øy avkledd. Ein lydbandteypa telefonsamtale, avspela over Radio Modum, avslører den makabre oppførsla til sekretær Inger Andersen ved Statsministerens kontor. I avsnittet "Maskefall" tek Hiåsen for seg alvorlege usanne påstandar sett fram på netsidene til Venstre; m.a. hevda organisasjonssjef Runolv Stegane at redaktøren i Bygdeposten let seg hjernevaska

På Fampos sider kan ein lesa om prosessen mot homøopaten Atle Johan Løvaas. I denne saka braut Bergens Tidende og fyrstestatsadvokat Walter Wangberg straffelova ved å planta ut usanne påstandar om saka.

På Fampos sider dokumenterer me òg misbruk av barnevernet. Ein rapport Joar Tranøy har skrivt om menneskerettar og barnevern, avdekkar ureielege sakkyndigrapporter. Tendensiøse framstillingar, bruk av andrehandskjelder og uriktige attgjevingar er noko av det som saboterer rettstryggleiken. Notorisk er "Svanhild-saka", der Hålogaland lagmannsrett braut straffelova ved å teia om at sakkyndig psykolog Trond Skjæveland refererte sentrale vitne feil.